



Nok og godt vatn kan vera ei utfordring.

Vassforsyning er ei samfunnsoppgåve. Å sikra godt vatn til ei bygd er ein føresetnad for næring og bygdeutvikling. På årsmøte i Uskedal utvikling onsdag 1. februar er leiinga i Vassverket invitert for å sei noko om status og vidare planar med framføring av vatn i Uskedalen.



Det vert drøfta om ei samkøyring med vatn frå Tverrelva kan vera ei god løysing for å sikra bygda eit godt vatn. Kraftutbygginga på Haugland har aktualisert denne løysinga. (Arkivfoto)

På desembermøte, der tema var kraftutbygging i Tverrelva, vart det stillt spørsmål om vassforsyning og om korleis ein i åra framover kan finna gode løysingar for å kopla på nye abonnentar. Det er trong for framføring av vatn til nye bustadområde og til mange av dei som i dag har egne løysingar med kjelder og brunnar. For dei som bur høgt, må det høgdebasseng til for å få fram vatn.

Kan ei samkøyring med Tverrelva vera ei god løysing ? Vatnet, som kjem fram ved utbygginga i Tverrelva, har god kvalitet. Kapasiteten er stor og saman med vatn frå Eikeelva er det nok vatn til å kunna forsyna store deler av Uskedalen i mange år framover. Dette og andre spørsmål vert drøfta på møte 1. februar i Gamleskulen. Det vert innlegg av Hans Reidar Kjærland frå Uskedal vassverk og Oddbjørn Kroka, utbyggjar i Ospelunden.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal